


Kor-tur for 32 til Italia i morgen

15.06.2011



Helge Ludviksen - mest langvegsfarande - øver i Helgheim

**Tystag kveld var den siste øvinga i Helgheim og i morgen drar
32 kormedlemmer i Røysterett for alle og andre til Nord-Italia.
Dirigent Maria Malmsten sa seg svært godt fornøgd med det songlege
og også med den entusiasme songarane la for dagen.
Det hadde ho all grunn til,
Til dømes song dei fleste på latin utan
manuskript!**

- Dette er gøy, sa Maria som sprudla slik ho plar gjera. Men
med bakgrunn i ein liknande tur med Rosendal-korpset varsla
ho at turen kan bli ei varm oppleving og at songarane
difor må vera førebudd på å drikka mykje.

Også den mest langvegsfarande var naturleg nok med på den
siste øvinga. Det er rektor og kordirigent Helge Ludviksen frå Alta.
Ikkje berre skal han delta med sin tenor, han skal også spela

trompet før og under 4 songar. Også ein rosendeling og 3 frå Stord er med på Italia-turen og styrkar koret songleg sett..

Dette blir ein tur med eit meir sosialt preg enn den koret var ute på sist og som gjekk til Latvia. Men dei skal sjølv sagt syngja ved fleire høve, til dømes i den fantastiske kyrkja Madonna delle Corona

I Verona skal dei syngja 5 songar under ei kveldsmesse i ei kyrkje og 3 songar etterpå. Men det blir også eit høgdepunkt når dei syng saman med eit italiensk kor i Simione og har sosialt samver med italienarane etterpå.

Kvinnheringane og dei andre som er medgler seg stort framfor turen, som varer til og med mandag. Og dei er godt rusta på alle vis.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Maria Malmsten var godt fornøgd med siste øving.